

Stølsdrift i Haugen.

Av Johanne Leirdal.



*I rutete sfjorte: Gunhild Aafestøl (Gurina).
Dei andre veit me ikkje kven er.*

So vidt me veit har det aldri vore fastbuande folk i Tunsbergdalen. (Me ser då burt frå segni om Thora Tunsberg.)

Men liv og ferdsel var det i dalen alle årstider. Den tid det var stølsdrift i Tunsbergdalen — fram til ca. 1933 — måtte det masje ved til. Det var sikkert ein heil jobb, for dei som var leigarar av stølen.

Det var tidleg vår i Haugen. Allt fift i mai kunne bufeet og budeiene komme.

Det var to fel — Leirmoselet og Elvøyslet. Det var to budeier i kvart fel og kvar budeie hadde ca. 65 gjeiter og nokre kyr.

Ein prat med Anna Dyen (f. Aafestøl):

Ho var budeie der framme to somrar, saman med syster si — Sigrid. Dei var i Elvøyslet. I det andre felet var det ein sommar Jon og Sigurd Hessevoll som stelte.

Anna seier at det var ein rett triveleg støl. Godt med beite og gjeitene mjølka detetter. Dei var fine til å "gå heim". Kom ved firetida om morgonen. Det tok ca. to timar å mjølke kvar gong. Det vart mange timar arbeid då det var so mykje mjølk at dei måtte hste om kveldane ogso, og kofe inn mysa langt utover natta.

Det vart lange og seige dagar — men triveleg. Heldigvis at ingen vart fjuke, seier Anna.

Dei fifta — brukte ein sekk og jaga fiftin inn i. Hadde oversflod av den forten.

Av og til kom heile heitafølgjet i rakande twibyks fram til dei. Det var eit flott syn å sjå, men dei var ikkje særleg velkomne åt tråi.

Frå ca. 26. mai til langt ut i september vart det mange veker. Ikkje snakk om å komme heim ein tur — men det var no slikt det var for budeiene. Men dei fekk no besøk av og til, so dei fekk fylgje med heime.

Me forstår godt at det vart mykje arbeid for arbeidsgjevaren og. Utanom å sørge for veden, skulle ostene fløyjast heim. Georg Vigdal fortel at dei gjorde fleire turar å fløyja heim i Leirdalen der dei pakka ostene i kassar, som dei hadde laga sjølve. Dei vart kjørde til Gaupne og sende med båten til Bergen. Det var brunosten som vart send. Prisen dei fekk for kiloet kunne vere ca. 1,50 kr.

Rvitosten vart omsett heime. Ein del gjekk til Leirdølene som betaling for ved og leige av stølen.

Brunosten måtte ogso voksast før dei frakta han heim frå stølen. Ei djup gryte med smelta parafin voks måtte til. Den eine halvdelen vart først duppa, so snudd til voksen var stivna, før resten vart gjord ferdig.

Det eine selet, fortel Georg Vigdal, vart bygd av far hans — kjend som vigdølen. Han brukte stølen frå ca. 1910 og nokre år framover til han leigde vekk selet sitt til Elvøy-karane. So vart han der igjen dei fiste åra fram til 1933. Det andre selet vart bygd av Jon Leirdal (kjend som Jon i Overli). Han selde sidan selet sitt til Melcior Leirmo.

* * *

Artikkelen er gjeve att med løyve frå forfattaren.